

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 28/2005

Møtedato: 15.5.05

Arkiv nr: 323.9

Satsing på stølsbruk

På møtet som fjellstyret arrangerte om satsing på stølsbruk på Slidretun den 25. mai, møtte 40 personar. Eivind Brenna orienterte om den politiske satsinga regionalt og nasjonalt, og at det no er brei politisk vilje til å satse på stølsbruk. Vidare orienterte Anne Marie Mørstad om tilskotsordningar og arbeidet med beitebruksplan. Til slutt heldt Valdres Utmarkskontor ved Hanne Lykkja eit foredrag om områdetiltak. Ho synta og bilete med eksempel frå Lofoten, der ho har jobba med slike tiltak.

Diskusjonane etterpå viste at det er stor interesse for å satse på stølstiltak, både enkeltvis og samla for eitt eller fleire stølslag. Det var bortimot 15 personar som hadde lyst på ein studietur til Lofoten for å sjå nærare på gjennomføring av områdetiltak.

Styreleiar og dagleg leiar har delteke på eit møte med kommunen og utmarkskontoret for å sjå på kva ein kan gjera vidare. Ein var samde om at kommunen og fjellstyret burde starte opp eit forprosjekt for å sjå om det var interesse for områdetiltak og for finne ut korleis dette kunne gjennomførast. Det vart skissert ein kostnad på forprosjektet på kr 20.000 kvar på kommunen og fjellstyret.

Vidare drøfta ein også om det var mulig å gjennomføre ein studietur til Lofoten. Til studietur er det mulig å få opp til kr 50.000 i støtte frå fylket. Eigenbetaling bør ikkje vera for stor om ein ynskjer å få med deltakarar. Det vart derfor foreslege kr 2.500-3.000 i eigenbetaling for deltakarane. Mellomlegget vart foreslege dekkja likt mellom kommunen og fjellstyret. Kostnaden for fjellstyret og kommunen vil vera avhengig av talet på deltakar, storleik på eigenbetaling og tilskot frå fylket. Ved eigenbetaling på kr 2.500 og tilskot frå fylket på kr 50.000, vil kostnaden for fjellstyret vera om lag kr 10.000 ved 14 deltakarar og kr 20.000 ved 20 deltakarar.

Vedtak:

Fjellstyret leiger saman med kommunen, Valdres utmarkskontor til gjennomføring av forprosjektet og til å arrangere studietur til Lofoten.

Vilkår for vedtaket er at utgiftene til prosjektarbeid og studietur blir delt likt med kommunen. Fjellstyret sin del er avgrensa opp til kr 20.000 på kvar av tiltaka. Ved utsending av tilbod om studietur må det gjerast merksam på at turen er for dei som ynskjer å delta vidare i prosessen. Medlemmer og tilsette i fjellstyret dekkjer eigenbetaling sjølv ved deltaking på studieturen.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.6.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Valdres utmarkskontor
Vestre Slidre kommune